



Arkivnr: 2014/278-65  
Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørge

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.04.2019
Fylkesutvalet		02.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

## Kollektivstrategi for Hordaland - Årsrapport 2018

### Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram Kollektivstrategi for Hordaland - Årsrapport 2018.

Årsrapport 2018 gir informasjon om korleis utviklinga i kollektivtrafikken har vore det siste året, og korleis vi ligg an for å nå måla og gjennomføre strategiane i kollektivstrategi for Hordaland. Rapporten er bygd opp kring følgjande tema:

- Når vi måla? Rapportering av utvikling i viktige måleindikatorar
- Økonomiske nøkkeltal; status i kollektivtrafikken sin økonomi
- Kollektivåret 2018; viktige hendingar og tiltak i kollektivtrafikken
- Kollektivfakta; informasjon om passasjerstatistikk, kontraktar o.a.

Dei overordna måla som ligg til grunn i kollektivstrategien er å ta veksten i persontransporten med miljøvenlege transportformer i byområda, og sikre mobilitetsbehov for innbyggjarane i fylket.

Passasjerstatistikken viser at fleire reiser kollektivt også i 2018. Til saman var det nærare 73 millionar påstigande i Hordaland i 2018. Det gir ein samla vekst på fire prosent for kollektivtrafikken i fylket totalt, og heile fem prosent i Bergensområdet.

**Økonomi:** Saka omhandlar ikkje endringar i vedteken budsjett

**Klima:** Saka omhandlar årleg status for iverksatte tiltak som bidreg til å redusere klimapåverknadene frå persontransporten

**Folkehelse:** Saka er ei årleg statusrapportering av ei rekke tiltak som vil ha positiv innverknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Kopling til Klimaplan for Hordaland, Regional transportplan, Kollektivstrategi for Hordaland, Temaplan for låg- og nullsleppsbussar i Hordaland

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland – årsrapport 2018 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Vedlegg

1 Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2018

## Fylkesrådmannen, 21.03.2019

### Bakgrunn

Fylkestinget vedtok juni 2014 Kollektivstrategi for Hordaland, som gir overordna prinsipp og føringar for utvikling av kollektivtrafikken i eit perspektiv fram mot 2030 (sak 30/2014). Kollektivstrategien blir følgt opp av eit fireårig handlingsprogram, som blir rullert årleg. Rullert handlingsprogram for perioden 2019-2022 vart vedteke av fylkestinget i desember 2018 (sak 111/2018).












Årsrapport 2018 gir informasjon om korleis utviklinga i kollektivtrafikken har vore det siste året, og korleis vi ligg an for å nå måla og gjennomføre strategiane i kollektivstrategi for Hordaland. Rapporten er bygd opp kring følgjande tema:

- Når vi måla? Rapportering av utvikling i viktige måleindikatorar
- Økonomiske nøkkeltal; status i kollektivtrafikken sin økonomi
- Kollektivåret 2018; viktige hendingar og tiltak i kollektivtrafikken
- Kollektivfakta; informasjon om passasjerstatistikk, kontraktar o.a.

Fylkesrådmannen vil i det følgjande gi ei kort oppsummering av resultat og utvikling innan utvalde måleindikatorane.

### Når vi måla?

Dei overordna måla i kollektivstrategi for Hordaland er å ta veksten i persontransporten med miljøvenlege transportformer i byområda, og å sikre mobilitetsbehov for innbyggjarane i fylket. Det er fastsett fire strategiske grep. Desse gir tydelege føringar for kva som skal til for å få mange fleire reisande med kollektivtrafikken. For kvart av dei fire grepa er det valt ut eit sett indikatorar for å kunne måle om utviklinga går i ønska retning. Strategiske grep og indikatorar er vist i tabellen under.

Overordna mål	Ta veksten i persontransporten med miljøvenlege transportformer i byområda og sikre mobilitetsbehov for innbyggjarane i fylket			
Strategiske grep	 <b>Betre tilbud der flest reiser</b>	 <b>Enkle reiser</b>	 <b>Effektive reiser</b>	 <b>Miljøvenleg drift</b>
Indikatorar	 <b>Reisande med kollektivtrafikken</b>  <b>Kollektivandel i Bergensområdet</b>	 <b>Innbyggjarane si oppleving av eit enkelt kollektivtilbod</b>	 <b>Andel førehandskjøpte billettar</b>  <b>Kollektivfelt/ sambruksfelt</b>  <b>Hastigheit på bystamlinjene</b>	 <b>CO<sub>2</sub>-utslepp frå kollektivtrafikken</b>  <b>Bussar med Euro 6-standard</b>

**Best tilbud der flest reiser.** For å gi eit best mogleg kollektivtilbod til flest mogleg av innbyggjarane er det nødvendig å tilpasse kollektivtilbodet til dei store reisestraumane i fylket. Dette handlar om å styrke rutetilbodet der det er mange reisande, eller der potensiale for nye reisande er stort. Det handlar også om å forenkle linjenett og rutetilbod. Viktigaste indikator for dette er utviklinga i talet på reisande.

Passasjerstatistikken for heile Hordaland viser ein samla vekst på fire prosent i 2018, noko som gav nærare av 73 millionar påstigingar. For Bergensområdet viser tal påstigande ein vekst på heile fem prosent.

Bybanen held fram med ei positiv utvikling i passasjertalet og hadde om lag 14,9 millionar påstigingar i 2018. Med det utgjer bybanen ca. 20 prosent av kollektivreisene i fylket. Veksten i tal påstigande for buss i Bergen kommune viser tre prosent.

**Enkle reiser.** Kollektivtrafikken skal vere eit enkelt og attraktivt reiseval. Tilbodet skal vere lett å bruke og ha høg kvalitet i heile reisekjeda. Dette handlar om å gjere det enkelt å finne informasjon, kjøpe billett og å auke befolkninga sin kjennskap til kollektivtrafikken. Viktigaste indikator for dette er utvikling i innbyggjarane si oppleving av eit enkelt kollektivtilbod.

Skyss gjennomfører faste undersøkingar av korleis befolkninga (18 år+) i Hordaland oppfattar Skyss og kollektivtilbodet. Utvalet av respondentar er trekt tilfeldig, og resultatata omfattar såleis både kollektivreisande og dei som ikkje nyttar kollektivtransport. Resultata for 2018 viser at 69 prosent av befolkninga er heilt eller delvis einig i at Skyss sitt kollektivtilbod er enkelt å forstå. Dette er fire prosentpoeng fleire enn året før.

Vi ser og ei tydeleg betring i kundane si vurdering av i kva grad det er enkelt å kjøpe billett det siste året, på fem prosentpoeng. Innføring av ny takst- og sone har gjort det enklare å kjøpe billett for fleire, ettersom mobilappen for billettkjøp med det er tilgjengeleg i heile fylket.

**Effektive reiser.** Kollektivreiser skal vere eit reelt alternativ til bilen, også når det gjeld reisetid. Rask og føreseieleg framføring av bussane er ein føresetnad for å levere eit godt tilbud til dei reisande. Dette handlar om infrastrukturtiltak som legg til rette for kollektivtrafikken, og andre verkemiddel som kan få ned reisetida. Viktige indikatorar på dette er utvikling av andelen førehandskjøpte billettar, kollektivfelt/sambruksfelt og hastigheit på bystamlinjene.

Ein del av reisetida er opphald på haldeplass, og reduksjon i sal av billettar om bord er eit verkemiddel som bidreg til dette. Totalt andel førehandskjøpte billettar utgjorde 75 prosent i 2018, ei positiv auke på sju prosentpoeng frå 2017, og heile 41 prosentpoeng frå referanseåret 2013.

I 2018 er det blitt fleire mindre strekkingar med kollektivfelt i Åsane. Forlenging av kollektivfeltet i Årstadveien vart og starta i 2018, og vil venteleg ha positiv innverknad på framkomsten for bussane inn mot Haukeland universitetssjukehus. Køyretidsmålingar på bystamlinjene i morgon- og ettermiddagsrush viser ei svak positiv endring på dei fleste linjene og retningane, med nokre unntak.

**Miljøvenleg drift.** Kollektivtrafikken sitt viktigaste klima- og miljøbidrag er å ta trafikkveksten, og få ein større del av dei motoriserte reisene kollektive. I tillegg vil vi arbeide for at utsleppa frå kollektivtrafikken skal vere så låge som mogleg.

Buss, båt og ferje slapp i 2018 ut om lag 127 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, og er eit nærare uendra resultat samanlikna med i fjor. Gjennomsnittleg CO<sub>2</sub>-utslepp per påstigande med buss og bane var 0,66 kg, som er ein nedgang frå 2017. Den positive endringa må mellom anna sjåast i lys av veksten i reisetala for bybanen.

Overgang til biodiesel i Nordhordland hausten 2018 gav ein svak nedgang i utslepp for buss. På båt er det noko auke i utslepp, som følgje av mellom anna utvida tilbud på sambandet mellom Kleppstø og

Strandkaien. Utslepp frå ferjene er i all hovudsak uendra samanlikna med 2017, men vil frå 2019 og 2020 få ei vesentleg reduksjon som følgje av elektrisk drift i nye ferjekontraktar.